




DET NORSKE TEATRET





ERNST BRUUN OLSEN

Ernst Bruun Olsen vart fødd i Nakskov på Lolland i 1923. Han studerte på Kunsthåndverksskolen i København, men vart i 1946 skodespelarelev ved Odense Teater. Han arbeidde som skodespelar i Odense frå 1947–50. Etter den tid var han tilsett ved fleire danske teater, deriblant revyteater. Han debuterte som instruktør i 1957, og har sett i scene ei rad framsyningar i Danmark, og nokre i Sverige. Men han er først og fremst kjend som forfattar av hørespel, fjernsyns-spel og skodespel. Dei 11 hørespela hans har vore oppførte ved dei fleste radioselskap i Europa. Fjernsyns-spela har òg vore framførte mange stader.

Som dramatikar fekk Bruun Olsen kjempesuksess med debuten sin, «Teenagerlove», som fekk urpremiere på Det kongelige i København i 1962. Han har sidan skrivne desse skodespela: «Bal i den borgerlige», «De fredsommelige», «Donna Johanna», «Hvor gik Nora hen da hun gik ud», «Lefleren», «My Fair Lizzie», «Postbudet fra Arles» og «Den poetiske raptus».


Bruun Olsen las tidleg van Goghs brev og dagbøker, og desse gjorde eit sterkt inntrykk på han. På same vis som van Gogh voks han opp i ein liten by i ei politisk uroleg tid. Han kjende att sin barndom på Lolland i tretti-åra i 80-talets politisk urolege Frankrike, og kunne samanlikne eit arbeidaropprør på Lolland med Parisarkommunen i 1871. Ut frå dette steig skodespelet om van Gogh og livet i Arles fram.

FAKTA OM VINCENT VAN GOGH

- 1853** Vincent-Willem van Gogh vart fødd 30. mars i byen Zundert. Far hans var pastor Theodorus van Gogh.
- 1857** Broren Theo vart fødd i mai.
- 1861** Vincent byrjar på byskolen i januar.
- 1864**
- 68** Vincent går på skole i Zevenbergen og Tilburg.
- 1869** Vincent byrjar arbeide som læregut 30. juli i kunsthandelen Goupil & Co i Haag.
- 1873** Theo får arbeid i Goupil & Co i januar, i filialen i Brussel.
- 1873**
- 75** Vincent blir send til London-filialen. Opplever ein ulykkeleg kjærleikshistorie med Ursula Loyer. Får vanskar med leiinga i firmaet.
- 1876** Vincent får avskjed frå Goupil & Co. 17. april blir han ekstralærer i Ramsgate. 1. juli får han stilling som hjelpeprest hos metodistpastoren Jones i Isleworth.
- 1877** Vincent vender attende til foreldreheimen i Etten. Førebur studenteksamen.
- 1878** I juli blir Vincent predikant. Den 26. desember reiser han til Borinage for å preike i gruve-distriktet.
- 1880** Vincent oppdagar sitt eigentlege kall: det er målar han skal bli. Vennskapet med van Rappard utviklar seg.
- 1881** Vincent forelskar seg i kusina si, Kee Vos, men ho avviser han.
- 1882** I januar reiser Vincent til Haag for å ta timar hos Anton Mauve. Dei første oljemålarstykkja blir til. Han flyttar saman med Sien og barna hennar, og blir venn med Mauve, Breitner og Weissenbruch.
- 1883** Forholdet til Sien tek slutt i september. Vincent flyttar til Drente.
- 1884** I august freistar Margot Begemann i Nuenen å gjere sjølv mord: ho ønskte å gifte seg med Vincent, men familien hennar vil ikkje tillate det. Vincent får fire elevar, blant dei Kersse-makers i Eindhoven.
- 1885** Vincents far døyr etter eit slag. «Potetetarane». 20. november reiser Vincent til Antwerpen. Han studerer Rubens og søkjer om å bli oppteken ved akademiet.
- 1886** Vincent reiser til Theo i Paris i mars. Her byrjar han ved Atelier Cormon, der han blir kjend med Toulouse-Lautrec og Emile Bernard. Vincent og Theo flyttar til Rue Lepic 54 i juni.
- 1887** Vincent møter Signac, Seurat, Pissarro, Gauguin og Guillaumin. Hos Bing og Péér Tanguy blir han kjend med japanske tresnitt.



Scene from "The Sign of the Cross" showing the execution of the traitor.



Scene from "The Sign of the Cross" showing the execution of the traitor.

Sjølvpportrett, dedisert til ven-
nen Gauguin, måla i septem-
ber 1888 i Arles.

«Eg laga òg eit nytt portrett
av meg sjølv, som eit stu-
dium, der eg ser ut som ein
japanar.»



1888 21. februar kjem Vincent til Arles. I mars-april
målar han «Souvenir de Mauve», «Le Pont de
Langlois» og fleire av sine kjende målarstyk-
ke av blømande tre.

I mai flyttar han til det gule huset på Place
Lamartine 2.

I juni målar og teiknar Vincent i Saintes-
Maries-de-la-Mer.

22. oktober kjem Gauguin til Arles, og i desem-
ber vitjar han og Vincent museet i Montpellier.


23. desember har Vincent og Gauguin ei trette.
Vincent skjer av seg venstre øyreflippen. Det
første nervesamanbrotet. Anstalten.

Van Goghs hus i Arles,
måla i september 1889.



Soverommet til van
Gogh i Arles, måla i
september 1888.





Portrett av målareren med pipe, Arles 1889.

1889 Vincent blir utskreven 7. januar og vender attende til det gule huset. Sjølvportrettet med pelslue og portrett av dr. Rey.

19. mars blir Vincent internert på nytt — på grunn av ein petisjon som er underskriven av mange borgarar i Arles.

3. mai let Vincent seg friviljug internere på anstalten Saint-Paul-de-Mausole i Saint-Remy ikkje langt frå Arles.

1890 I januar skriv forfattaren Aurier den første artikkelen om van Gogh i «Mercure de France». Vincent sel for første gong eit målarstykke, «Den raude vinstokken», til Anna Boch i Brussel for 400 francs.




27. juli skyt Vincent seg, revolverskotet treffer i brystet, og han døyrt to dagar seinare i Ravoux's vertshus.

1891 25. januar døyrt Theo van Gogh.



Postmann Joseph Roulin; halvfigur, ved eit bord, måla i Arles august 1888.

«Eg held no på med eit portrett av ein postmann i si mørkeblå uniform med gult. Eit hovud om lag som Sokrates, nesten ingen nase i det heile, ei høg panne, skalla på toppen, små grå auge, raude runde kinn, eit stort salt-og-pepper-farga skjegg, store øyre. Denne mannen er ein ivrig republikanar og sosialist, han diskuterer ganske godt, og veit ein heil del.»



IMPRESJONISMEN

Ei retning innan målar-kunsten som voks fram rundt 1870 i Paris. Dei fremste føregangsmennene var Degas, Monet, Manet, Renoir, Pissarro og Sisley. Impresjonistane gjekk bort frå dei tradisjonelt komponerte bileta, og freista i staden å framstille utsnitt av røyndomen i sine målarstykke. Dei henta ofte motiva sine frå gata, kafeen, galoppbanen og havet, stader der det var liv og rørsle. Dei var først og fremst fargekunstnarar, dei løyste opp konturane og leika med fargar i eit flimrande spel av lys og luft. Dei steig fram offentleg med ei stor utstilling i 1874, og vart avfeidd av kritikarane med uttrykket «impression» — augneblinksinntrykk. Dei tok opp namnet som eit rosande omgrep, — at dei hadde fanga augneblinken. Retninga spreidde seg i 1880-åra utover heile Europa.



Gauguins portrett av Vincent van Gogh, måla i Arles i 1888.

PAUL GAUGUIN

1848–1903. Fransk målar, grafikar og bilethoggar. Hadde på morsida noko spansk-peruviansk blod i årene, og budde i nokre barndomsår i Peru. Etter ein periode som sjømann vart han i 1871 bankfunksjonær i Paris. Han byrja teikne og måle i 1874, vart venn med målaren Pissarro, og var med i utstillingar saman med impresjonistane. I 1882 gav han opp alt som heitte familieliv og heile sitt borgarlege tilvære. Han vigde seg kunsten heilt og fullt. I 1888 måla han ei tid saman med Vincent van Gogh i Arles. Seinare på året slo han seg ned i Bretagne, der han vart midtpunktet i Pont-Avon-skolen, ei gruppe unge kunstnarar som m. a. omfatta Emile Bernard og Paul Sérusier. Ei vitjing på Tahiti vart avgjerande for han og kunsten hans, og i 1901 flytta han til Marquesas-øyene. Der levde han sine siste år sjuk og einsam.

Ernst Bruun Olsen Postmannen frå Arles

Omsett av

Regi:

Scenografi og kostyme:

Parykkar og masker:

Projeksjonar:

Inspisient:

Inspisient assistent:

Rekvisitør:

Sufflør:

KNUT ØDEGÅRD

PÅL SKJØNBERG

ARNE VALENTIN

MARGOT BJÖRKSTRÖM

SVEIN STURLASON JR.

INGAR NILSEN

STEIN HAMRE

MIA RUNNINGEN

TORILL STEINLEIN

Musikalsk innstudering av Parisarungdom,
og klaverspel:

TOR HULTIN

Premiere 9. november 1977

Ein pause



Postmannen Roulin HARALD HEIDE STEEN

Postmannen Renault ROLF SAND

Postmeisteren JACK FJELDSTAD

Politimannen MAGNUS TVEIT

Gaby JORUNN KJELLSBY

Madame Duval ÅSTA VOSS


Slaktaren FRIMANN FALCK CLAUSEN

van Gogh OLE-JØRGEN NILSEN

Madame Roulin ANNE-LISE TANGSTAD

Gauguin JOHAN KJELSBERG

**Parisarungdom: TROND BRÆNNE, VIDAR WOLD
HAAVIK, RAGNAR DYRESEN, ELISABETH BLÆST-
RUD, TROND MARTINSEN, MARIANNE MØRK, ELI
SANDTRØEN, CHRISTIN SMIT. Trekkspel: ANDERS
GRØTHE/STURE ROGNE. Trommeslagar: TOM OL-
STAD/PER MELSÆTER**



KEISAR WILHELM

1797–1888. Prøyssisk konge, som let seg krone til tysk keisar i Versailles, medan Tyskland låg i krig med Frankrike. Dette var ei fornærming franskmennene aldri gløymde! Dei gløymde heller ikkje tapet av Alsace-Lorraine i den fransk-tyske krigen.

PARISARKOMMUNEN

Ein revolusjonær oppstand 18. mars–28. mai (dei 72 dagane) i Paris. Det heile byrja blant arbeidarar og småborgarar etter omlægringa i den fransk-tyske krigen.

Etter våpenstillstanden i 1871 hadde det kome fram store motsetnader mellom republikanarane i Paris og den monarkistiske nasjonalforsamlinga i Bordeaux. Folket i Paris skulda generalane for nederlaget i krigen, nasjonalforsamlinga ønskte først og fremst fred og orden, og gjorde dei radikale i Paris ansvarlege for den ulykkelege krigen.

Under omlægringa hadde Paris fått sjølvstyre, og oppretta nasjonalgarden. Regjeringa Thiers ville oppheve krisetilhøva og avvæpne nasjonalgarden. Da sette folket i Paris seg på bakbeina, dei meinte at dei ikkje var slegne, og at dei framleis kunne halde stand mot tyskarane. Da regjeringsstyrkane freista ta nasjonalgarden sitt artilleri på Montmartre, eit artilleri kjøpt for midlar samla inn blant folket, vart dette signalet til allmenn oppstand. Nasjonalgarden skipa ein «sentralkomite» på 90 medlemmer som i realiteten var ei revolusjonær motregjering, og utnemnde «kommisærar» til å ta seg av administrasjonen. Motsetnader innanfor leiinga skapte vanskar, og Parisarkommunen fekk heller ikkje støtte utanfrå. Planen var å gjere Frankrike til eit forbund av sjølvstyrande kommunar, men spede freistnader på å følgje opp denne tanken i Lyon og Marseille vart fort slegne ned. Regjeringa samla store og velutstyrte styrkar, og gjekk til åtak. I «den blodige veka» 21.–28. mai vart Paris erobra under harde gatekampar. Kommunardane drap eit par hundre gislar, men regjeringstroppane tok under kampene livet av 20 000 mann og arresterte 38 000. Av desse vart 23 dømde til døden, og 7 500 deporterte.




GENERAL BOULANGER


2. juli 1886 skreiv den britiske ambassadøren i Paris i eit brev til sjefen sin: «Republikken her har no vara i 16 år, og det er om lag den tida det tek for franskmennene å bli lei av ei styringsform». Ikkje noko regime sidan revolusjonen hadde vara i tjuve år. Dei fleste hadde no sett seg leie på ei regjering som ikkje på nokon måte var framifrå, som ikkje var spesielt stabil, og som framfor alt var ærelaus – det dei fleste franskmenn tenkte på, var fortast mogleg å å få revansje andsynes arvefienden Tyskland. General Boulanger vart i 1886 krigsminister i den tredje regjeringa Freycinet – ikke enno 50 år gammal. Han hadde gjort rask karriere: han var heldig, han var tapper og han var ærgjerrig. Som krigsminister gjorde han seg til talsmann for revansje-politikken, og vart snart ein svært populær figur blant folket. Han hadde blå auge, raudleg hår, han uttrykte ungdom og energi og han tok eit av sitt livs viktigaste avgjerder da han let det blonde skjegget vekse. Heile Frankrike byrja la skjegget vekse, på same vis som krigsministeren – vekk med kinnskjegget til statsministeren!



General Boulanger.

Boulanger freista på same tid å tekkjast dei radikale og royalistane – ein vanskeleg balansegang. Han vart avslørt som løgnar i fransk presse, men det synte seg at folk flest såg stort på det – dei brydde seg ikkje om detaljar når det galdt helten som skulle gi dei siger over Tyskland. Han var ein folkets mann – meinte folket, jamvel om han var vennleg mot tron-






Omslaget til den populære revyvisa «En revenant de la Revue», som hylla general Boulanger.

pretendentar. Han var for lov og orden – og han var samstundes arbeidarane sin venn. Kven elles var begge delar?

Boulanger vart gallionsfiguren i ei stor nasjonal rørsle, kjend av historikarane som boulangismen. Folket elska han, han var helten i ei rad populære songar, den første og mest kjende av desse var «En revenant de la revue». Ein del seriøse politikarar såg med vanvørnad på ein mann som var «revystjerne» — men ikkje mange politikarar kunne skryte av det same. Sjølvaste Bismarck sa i ein tale at den største faren for vennskapen mellom dei to landa, var Boulanger. Dermed var all tvil borte, tyskarane sjølve hadde peika han ut.

Lure politikarar såg no at Boulanger var eit middel som kunne nyttast, hans popularitet opna vegen til makta. Eit politisk parti vart fødd. Men det synt seg at jamvel om Boulanger i røynda fekk høve til å gripe makta, veik han attende frå dette steget. Han var ikkje mannen som kunne utføre statskupp.

Han vart i staden klaga for høgforræderi, og flykta til Belgia, deretter til England. I 1891 vende han attende til Belgia saman med elskarinna si, som kort etter døydde av tæring. Det fanst dei i Frankrike som trudde at Boulanger ville kome attende til politikken, men den 30. september skaut han seg på hennar grav. Ein velvillig romantikar hadde denne kommentaren: «han byrja som Cæsar, heldt fram som Catilina, og enda som Romeo». Sjølv skreiv han dagen før han drap seg, at han trudde historieskrivarane ville vere snille med han. Sant er det i alle høve at han på mange vis var ein reiskap i hendene til andre menn, som freista utnytte den folkelege populariteten hans for sine egne føremål.



SPELPLANEN PÅ DET NORSKE

Hovudscenen

Holberg/Skagestad

JEPPE

Musikk av Egil Monn-Iversen, regi: Svein Erik Brodal/Henny Mürer, scenografi: Gunnar Alme, koreografi: Henny Mürer, musikalsk leiling: Egil Monn-Iversen.

Med ROLV WESENLUND, SØLVI WANG, MAGNUS TVEIT, SVERRE WILBERG, ØIVIND BLUNCK, ROLF SAND, MAGNE LINDHOLM, ANDREAS KOLSTAD, SVEIN TINDBERG, VIDAR WOLD HAAVIK, RUNAR BORGE, SIRI BAKKE, SVENN BERGLUND, JON BERLE, LEIF R. BJØRNESETH, VESLEMØY ELLEFSEN, RANDI ERIKSEN, TORILL ERIKSEN, RUT FASTING, ANNE LISE GJØSTØL, KARI HÆG, BRIT ELISABETH HAAGENSLI, WENCHE LUND, TERJE BJØRKVOLL.

Jean Giraudoux

INTERMEZZO

Omsett av Halldis Moren Vesaas, regi og dekor: Karel Hlavaty, kostyme: Nina Martins, musikk: Rolf Lundsten.

Med BRITT LANGLIE, BAB CHRISTENSEN, SIRI ROM, BJØRN FLOBERG, GISLE STRAUME, ROLF JUST NILSEN, LASSE KOLSTAD, BJØRN SKAGESTAD, ANDREAS KOLSTAD, ØIVIND BLUNCK, BRIT ELISABETH HAAGENSLI, MARIANNE KROGH, ISELIN ALME, TOVE SKAGESTAD.

For barna

HOMPETITTEN

Prøysens barneviser i dans og spel

Regi og koreografi: Runar Borge, dekor: Tom Berre, kostyme: Randi Skahjem, musikalsk leiling: Tor Hultin.

Med BRIT ELISABETH HAAGENSLI, ELISABETH SAND, MARIT KOLBRÆK, UNN VIBEKE HOL, MAGNE LINDHOLM, ANDREAS KOLSTAD, SVENN BERGLUND, LEIF R. BJØRNESETH.

På Scene 2

Stewar: Parker

PÅ FELGEN AV FRYD

Omsett av Svein Selvig, regi: Jon Heggedal, dekor: Dag Frogner, kostyme: Ellen Andreassen, musikk: Jimmy Kennedy, ved pianoet: Kari Stokke.

Med ROLF JUST NILSEN, ODD FURØY, WENCHE MEDBØE, KAARE KROPPAN, RAGNHILD HILT, VIDAR SANDEM.

Edvard Hoem

TUSEN FJORDAR, TUSEN FJELL

Regi: Svein Erik Brodal, scenografi: Tom Berre.

Med VIDAR SANDEM, TORGEIR FONNLID, NILS SLETTA, UNN VIBEKE HOL, EVA SLETTA, WILFRED BREISTRAND, ODD FURØY, BJØRN JENSEG, ULRIKKE GREVE, ØYVIND ØYEN, ELISABETH SAND, SVEIN TINDBERG, ARE STORSTEIN.

Harald Mueller

GLADE JUL

Omsett av Gisle Straume, regi: Elisabeth Bang, scenografi: Snorre Tindberg.

Med TORDIS MAURSTAD, ERIK ØKSNES.



Botman-68